



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet	06.09.2023	99/23
Kommunestyret	14.09.2023	100/23

Gang- og sykkelveg Austbø - andre gongs handsaming og endeleg vedtak

Vedlegg

- 1 Planbeskrivelse
- 2 Føresegner
- 3 Plankart
- 4 Oppsummering av merknader

Dokument i saka

Kommunedelplan for Rauland
Prinsippsak om val av trase

Bakgrunn

Framlegg til reguleringsplan for gang – og sykkelveg mellom Austbø og Rauland sentrum har vore arbeidd med i mange år. Planen vart handsama i plan- og miljøutvalet fyrst gong 30.11.2022. Planen legg til rette for å etablere gang og sykkelveg frå Austbø Hotell og til Rauland sentrum. Slik at ein får ein samanhengande GS-veg langs heile strekket. Vegstrekninga har stor trafikkbelastning og vegen er smal og delvis uoversiktleg. Det er stort behov for etablering av ein GS-veg.

Planframlegget vart lagt ut på høyring og offentleg ettersyn 24.02.2023, med frist for merknader 17.04.2023. Det er kome inn 13 merknader. Desse er referert og kommentert i eige vedlegg.

Det er gjort mindre korrigeringar i plankart og føresegner etter høyring. Mellom anna for å unngå riving av fleire bygg, samt imøtekomma krav frå vegeigar v/fylkeskommunen. Alle endringar er referert i planomtala.

Vurdering

Det har vore ein lang prosess for å utarbeide ein reguleringsplan for GS-vegen. Det er trøngt om plassen, mange meiningar og mange omsyn å ta. Mange av merknadene som er kome inn i samband med offentleg ettersyn og høyring er vurdert tidlegare i planprosessen, mellom ana kva side av vegen ein skal bygge GS-veg og evt flytting av fylkesvegen. Det er difor ikkje gjort nye vurderingar av dette, sjølv om det er kome fleire ynskje om at dette vert sett på ei gong til. Ein

eventuell ny runde med endring av trase og vurdering av flytting av fylkesvegen vil forsinke og fordyre prosjektet endå meir. Alternativet som er lagt fram no, er eit resultat av ein lang prosess med politiske vedtak, møter og høyringar.

Riving av bygg:

I reguleringsplanen er det lagt inn riving av ei hytte og ein garasje. Det har også vore diskutert om det er naudsynt å rive eit annekset, men det er gjort ein del justeringar no i sommar, slik at annekset truleg kan bli verande. Eigarane av hytta som må rivast for å få plass til GS-vegen er opprørte, og det er forståeleg. Det vil bli ein prosess saman med teknisk avdeling med dei i etterkant av reguleringsprosessen for å avklare omfang og prosess vidare.

Landbruk og vilt:

Eit tema som har vore diskutert tap av dyrka mark, samt eit villtrekk i området. Snittet for GS-vegen er trekt inn, slik at ein vil ta så lite dyrka mark som mogleg. Når det gjeld villtrekket, så er også her snittet for GS-vegen trekt inn så langt det lar seg gjere for å få ei skråning som viltet kan bevege seg i.

Konklusjon

Løysinga som er kome fram til er landa på etter ein lang prosess med både offentlege og private innspel og diskusjonar. Det å etablere GS-veg i eit allereie utbygd område vil få konsekvensar og gjere inngrep som ein elles ikkje hadde ynskt. Likevel er trongen for ein GS-veg her stor og etterlengta. Det er stort sprik mellom ynske frå dei som bur langs vegen lokalt og kva vegeigar meiner er ei optimal løysing. Etter mykje dialog er det no landa på at vegeigar kan godta løysinga som vert lagt fram til handsaming no. Dette er ein mellomting mellom ytterpunkta i innspela som er kome inn. Rådmannen rår difor til at planen vert vedteken slik den er lagt fram.

Rådmannens framlegg til vedtak

Framlegg til detaljregulering for 20180007 GS-veg Austbø vert vedteken, jf plan- og bygningslova 12-12.

Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 99/2023 i møtet den 06.09.2023

Røysting

Utvalet fann samrøystes Kjetil M. Vaagen (Sp) ugild i saka, jf. Kommunelova § 11-10. Ingen kom inn som vara.

Framlegg frå Halvor Lognvik (Frp):

Saka visast tilbake til administrasjonen for detaljvurderingar av trasèjustering i samarbeid med berørte partar.

Lognviks framlegg fall med 5 mot 1 røyst.

Rådmannens framlegg blei vedteke med 5 mot 1 røyst.

Vedtak

Framlegg til detaljregulering for 20180007 GS-veg Austbø vert vedteken, jf plan- og bygningslova 12-12.

Saksordførar: Tone Edland

Kommunestyret si handsaming av sak 100/2023 i møtet den 14.09.2023

Røysting

Framlegg frå Halvor Lognvik (Frp):

Planen avvisast p.g.a. risikoen for mjuke trafikantar med ein G/S-veg under Brekkanuten.

Framlegg frå Ane Killingtveit (Sp):

Tillegg:

Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide eit alternativt planforslag med flytting av vegkroppen, jf. synfaring (ved Haddi, Åsbekkdalen og Myrvang).

Røysting:

Framlegget til Lognvik fall med 23 mot 2 røyster.

Plan- og miljøutvalets framlegg blei vedteke med 24 mot 1 røyst.

Tilleggsframlegget til Killingtveit fall med 15 mot 10 røyster.

Oversikt over røystinga:

Sak 100/23 - Gang- og sykkelveg Austbø - andre gongs handsaming og endeleg vedtak Forslag frå H. Lognvik (FrP) - Falt	
Røysta JA 2	Røysta NEI 23
Senterpartiet (1/14) <ul style="list-style-type: none">Ane Killingtveit Fremskrittspartiet (1/1) <ul style="list-style-type: none">Halvor Lognvik	Senterpartiet (13/14) <ul style="list-style-type: none">Jon Rikard KlevenTone EdlandNils Ole LienLiv Sigrun Nykos MidtunGunnar HaugoKjetil NessætherBirgit TveitoAsbjørg Øygarden NesetOlav NordstogaAslak A OfteTor Mølster BygglandRagnhild SølbergGudmund Tore Tveito Arbeiderpartiet (4/4) <ul style="list-style-type: none">Bertin BjåenAlf SeltveitSvein Henry EkreHilde Hovden Sosialistisk Venstreparti (3/3) <ul style="list-style-type: none">Kari Omdal TveitoNils Johan Svalastog GarnesHassen Samaale Høyre (2/2) <ul style="list-style-type: none">Arne SkogheimBjørn Arne Lindskog Kristelig Folkeparti (1/1) <ul style="list-style-type: none">Bjørnar Kalbach Christensen

Sak 100/23 - Gang- og sykkelveg Austbø - andre gongs handsaming og endeleg vedtak PLM sitt framlegg - Vedteke	
Røysta JA 24	Røysta NEI 1
<p>Senterpartiet (14/14)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Jon Rikard Kleven • Tone Edland • Nils Ole Lien • Liv Sigrun Nykos Midtun • Gunnar Haugo • Ane Killingtveit • Kjetil Nessæther • Birgit Tveito • Asbjørg Øygarden Neset • Olav Nordstoga • Aslak A Ofte • Tor Mølster Byggland • Ragnhild Sølberg • Gudmund Tore Tveito <p>Arbeiderpartiet (4/4)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bertin Bjåen • Alf Seltveit • Svein Henry Ekre • Hilde Hovden <p>Sosialistisk Venstreparti (3/3)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kari Omdal Tveito • Nils Johan Svalastog Garnes • Hassen Samaale <p>Høyre (2/2)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arne Skogheim • Bjørn Arne Lindskog <p>Kristelig Folkeparti (1/1)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bjørnar Kalbach Christensen 	<p>Fremskrittspartiet (1/1)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Halvor Lognvik

Sak 100/23 - Gang- og sykkelveg Austbø - andre gongs handsaming og endeleg vedtak Forslag frå A. Killingtveit (SP) - Falt	
Røysta JA 10	Røysta NEI 15
<p>Senterpartiet (8/14)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tone Edland • Nils Ole Lien • Gunnar Haugo • Ane Killingtveit • Olav Nordstoga • Tor Mølster Byggland • Ragnhild Sølberg • Gudmund Tore Tveito <p>Sosialistisk Venstreparti (1/3)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hassen Samaale 	<p>Senterpartiet (6/14)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Jon Rikard Kleven • Liv Sigrun Nykos Midtun • Kjetil Nessæther • Birgit Tveito • Asbjørg Øygarden Neset • Aslak A Ofte <p>Arbeiderpartiet (4/4)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bertin Bjåen • Alf Seltveit • Svein Henry Ekre

Fremskrittspartiet (1/1) <ul style="list-style-type: none">• Halvor Lognvik	<ul style="list-style-type: none">• Hilde Hovden Sosialistisk Venstreparti (2/3) <ul style="list-style-type: none">• Kari Omdal Tveito• Nils Johan Svalastog Garnes Høyre (2/2) <ul style="list-style-type: none">• Arne Skogheim• Bjørn Arne Lindskog Kristelig Folkeparti (1/1) <ul style="list-style-type: none">• Bjørnar Kalbach Christensen
---	---

Vedtak

Framlegg til detaljregulering for 20180007 GS-veg Austbø vert vedteken, jf plan- og bygningslova 12-12.

Saksframlegg er godkjent av plan- og økonomisjef, Gry Åsne Aksvik 11.08.2023.